

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.	Fylke: Møre og Romsdal
Tilleggsspørsmål nr.	Herad: Veøy
Emne: Ard og plog.	Bygdelag: Rødven
Oppskr. av: Elliv Sandnes	Gard: Skulehagen
(adresse):	G.nr. 58 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Både ard og plog er brukt i bygda.

2. Arden er då no meir gått ut av bruk. Den har ikkje vor brukt til anna enn til "fåring" (hypping) her.

Kornet mylde ein ned med med grev, rive eller horv, ikkje med ard.

3. Arden var brukt til å slå opp rader (drill, fôr) når ein sette poteter, og som hyppeplog. Noko skilje millom ard og hyppeplog, veit ein ikkje.

4. Arden var vel i grunnprinsippet som fig. 1-3, med styre helst som på fig 1 og (eller) 5. Skjekene (skoklene) har ikkje vore feste på same måte som på desse fig. men med laust drag, sokalla "drette". Det var altso eit par skjeker med eit tvertre millom, festa med jarnbeslag slik at dei kunne leidas til alle kantar (både i horisontal- og vertikalplanet). Tvertreet på drettet var forsynt med ein sterk jarnkrok. D.v.s. ein sterk jarnring (bøygjel) var driven inn på tvertreet (homolen) og sat mitt på den med før nemnde krok på. Det første ein greip til i gamle dagar, når ein skulde til å bruke arden, det var å vinde ei vidje (vi) til å feste arden til drettet med.

Seinare vart det då ein jarnkjetting istadefor vidje, ein sokalla "taje". (Tai og taie i Aasen, s Ordbok).

5. Skjeker av typen fig. 4 brukt på ard av typen nr. 3, kjenner ein ikkje her.

6. Noko sert namn på dei ymse deler av arden veit ein ikkje. Skoklène til ard og plog heiter, som nemnd ovanfor, drette.
7. Namn på ymse ards kjær veit ein ikkje, helder ikkje at dei ymse gardar ^{hadde} eit sett med ardar der skjærbreidda var ymse.
8. Arden hadde veltefjølør eller øyrer for å gjere større fører og betre arbeid. (Omlag som fig 7.)
9. Order ard er ikkje brukt om nokoslags horvtypor.
10. Regulering av djupna slik som på fig. 3 c, var ikkje på dei eldste, men kom seinare.
11. Ardtypepor som fig. 5-7 eller variantar av desse var brukt. Dei var berre brukt til å slå opp rader eller "render" for poterer og rotfrukter og for hypping. Dei var ikkje brukt til å arde åkeren på kryss og tvers før så inga. Dei vart kalla ardar (i dialekten her *ala* med tjukk l). Dei hadde ikkje ristill. Veltefjølørne var av tre på dei eldste, seinare vart det jarn, då vart dei og stillbare m.o.t. förbreidde.
12. Ardane var jamnast laga av næve-nyttige gardbrukarar.
13. No brukas berre fabrikksmidde plogar. Dei eldste plogar var laga av bygde smedar. I otti-åra kom dei første fabrikkplogar. Det var "Frognerkilens", og dei var betalte med 60.kr. (15. daler)
14. Dei treplogar som var brukte her likna mest på fig. 13 og 14. Noko sert namn var ikkje brukt. Veltefjølør var vridd. Den kunne vere heilt av tre på somme plogar, på andre med jarnbeslag eller og heilt av jarn. Solen kunne vere av enten tre eller jarn.
15. At plogkaren hadde med noko serleg reidskap til å reinska veltefjølør med, veit ein ikkje av her. Det var å "sparke av med treskoen", det. Elles var det vanleg å løfte opp plogen og so setje den til jorda att med fart og

kraft, slik at molda om råd var, datt or plogen.

16. Plogen var velta ymse til begge sidor, når ein køyrde attende. Var det ein plog med berre eit skaft, vart den køyrd attende på veltefjela.

17. Det var og slege ein kloss på åsen for å halde plogen frå jorda, når ein køyrde attende. Den var kalla sleip. 1121

18. I den første tida var det ikkje vanleg å ha både høg-
re og vinstrehandsplog på gardane, men helst berre høgrehands. Kvifor er ikkje so godt å segje. Men då plogane som regel hadde berre eitt skaft, fall det kanskje betre å styre både plog og hest, når plogen var høgrehands.

19. Kor djupt ein pløgde kunne vel vere so ymse, men det var vel vandt med dei gamle treplogar å kome sopass djupt som med jarnplogane, for ikkje å nemne dei tidhøvelege fabrikkplogar. Det var ein slags stillbar slepsko eller sleiphel, som den vart kalla her, som ein kunne stille opp og ned med bleiger. Det var ein trekrok (rett vinkel omlag) som sat fremst på ardåsen (plogåsen).

20. Ristill var ikkje vanleg på dei eldste plogar.

21. Plogar som var berre ristill festa til eit plogskjelett, veit ein ikkje av her.

22. Helder ikkje var det brukt nokon serleg slags sleder eller annan gogn til å køyre plogen heimanfrå. Var det eit stykke å køyre, var det å legge plogen oppi gjødselvogna.

23. Dei sokalla Falkenstensplogar (fig.12.) veit ein ikkje ~~av~~ ^har vore brukt her.

Her er ordet plog brukt berre om det reidskapet som velter jorda til ei side. At det ein gong har heit ard, er ikkje utenkjeleg, då nemninga ardåsen om plogåsen enno er den vanlege. Her uttalas ar (utan d) tydeleg.

Om ein ard som er brukt berre til å legge opp drillar og
til å huppe med segjer ein ein al, med tjukk l.

Plog kaller ein plog her, ikkje plau. Ordet ard er
hankyn i bygda målet her. Ein seier: ein aL, aLen,
fleirta ala (utan r) bunda form aLainn .

1511

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Oppskrifta delvis etter eiga røynsle og delvis frå
Ingebrigt Dalset, Rødven, f. 1872, gardbrukar h.v.